



LITT OM OSS

Indre Sogn Sparebank er ein regionbank for Indre Sogn, med kommunane Årdal, Lærdal og Sogndal som primærområde.

Indre Sogn Sparebank har ein forvaltningskapital på 3.1 milliardar kroner, og har hovudkontor på Årdalstangen og avdelingskontor i Øvre Årdal, Lærdal, Borgund, Sogndal og Bergen.

Banken er ein grunnfondsbevisbank notert på Oslo Børs. Vi er ein solid bank med ei god kapitaldekning. Det er 43 høgt kvalifiserte tilsette som står til teneste for kundane våre.

Indre Sogn Sparebank vart skipa i 1971, men har tradisjonar heilt tilbake til 1860.

Banken er medlem av Terra-Gruppen.

ISSB UNG 18-30

ISSB Ung 18-30 er eit kundeprogram for deg som er i alderen frå 18 til og med 30 år.

FOR Å BLI UNG-KUNDE MÅ DU HA FØLGJANDE PRODUKT:

1. ISSB Ung brukskonto, med betre rente enn ordinære brukskontoar. Vilkåra føreset at løn/trygd/stipend/studielån går regelmessig inn på konto
2. ISSB Ung sparekonto med betre rente enn ordinære sparekontoar.
3. ISSB Ung kort med Visa Electron eller Visa Classic og valfritt design. Bruk ditt eige bilete på kortet!

Visa Classic og Visa Electron er begge internasjonale betalingskort og gyldig legitimasjon.

- Bruk i Noreg. Med Visa Classic eller Visa Electron kan du ta ut kontantar i alle minibankar i Noreg i tillegg til varekjøp i butikkar.
 - Bruk i Utlandet. Visa Classic er eit av verdas beste betalingskort og vert akseptert i både minibank og betalingsterminalar. Visa Electron har nokre færre brukarstader og desse er merka med Electron. Du kan ta ut pengar i alle minibankar som er merka med Visa og/eller det blå/gule E-merket.
4. ISSB Ung Nettbank med nettpost. Banken sender all informasjon knytt til kundeforholdet til elektronisk postkasse i nettbanken. Dette omfattar kontoutskrift, årsoppgåve, renteendringar, gebyrendringar, betalingsoppdrag og informasjon om produkt og tenester



I tillegg tilbyr banken Ung-kundar:

5. ISSB Ung bustadlån med gunstigare rente enn ordinære lån. Lånet kan leggest opp som eit nedbetalingslån eller eit flexilån.

Føresetnader:

ISSB Ung 18-30 føreset at du har lønsskonto, sparekonto, betalingskort og nettbank i Indre Sogn Sparebank. Vi tilbyr og telebank/SMS-bank.

I tillegg må du til ei kvar tid ha 2 av desse produkta i banken vår:

- BSU
- Skadeforsikring
- Livsforsikring/barne- og ungdomsforsikring
- Spareavtale i fond eller vanleg banksparing
- Terra Gold kredittkort

GJENNOM KUNDEPROGRAMMET ISSB UNG 18-30 FÅR DU:

- Gratis SMS-bank/telebank
- Gratis nettbank
- Gratis betalingskort (Visa Electron)
- Gratis valfritt design på betalingskort
- Gratis varekjøp og uttak i alle minibankar i Noreg
- Gratis varekjøp og årspris på kredittkortet Terra Gold
- Bättre rente på bruks- og sparekonto
- Gunstig rente på BSU-sparing
- Bättre rente på lån
- Eigen kunderådgjevar
- Tilbod på spareavtale i fond eller vanleg banksparing
- Tilbod på ungdomsforsikring, livsforsikring og skadeforsikring.

Det einaste du betalar for er varekjøp og minibankuttak i utlandet. Dersom du ynskjer Visa Classic i staden for Visa Electron så er årsprisen for dette kr. 250,-.

Sjå gjeldande prisliste på heimesida vår www.indresognsparebank.no